

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 13/1198-21208/13

Saksbeh.: Gunnar Bergo

Arkivkode: S11

Saksnr.:	Utval	Møtedato
41/13	Utval for miljø og kultur	21.11.2013
87/13	Kommunestyret	28.11.2013

SAMLA SAK - UTTALE - JORDALEN KRAFTVERK

Administrasjonen si innstilling:

Voss kommune viser til saksutgreiinga og vil tilrå at Tinfos AS får konsesjon til å byggje Jordalen kraftverk som omsøkt. Då utbyggingsområdet ligg i ein av innfartsportane til verdsarvomådet “ Vestnorsk Fjordlandskap” er det ekstra viktig at anlegget vert bygd med gode kvalitetar og får ei estetisk god utforming. Det er vidare viktig at alt utstyr/avfall frå anleggsfasen blir rydda opp og fjerna frå området når utbygginga er avslutta. I anleggsfasen vil det vidare vera viktig å unngå tilslamming slik at dei viktige leveområde for laks og sjøaure lengre nede i elva ikkje blir forringa.

Utval for miljø og kultur den 21.11.2013 sak 41/13

Behandling i møte:

Administrasjonen si innstilling vart tilrådd med 5 mot 1 røyst. (H. Klette)

Tilråding:

Voss kommune viser til saksutgreiinga og vil tilrå at Tinfos AS får konsesjon til å byggje Jordalen kraftverk som omsøkt. Då utbyggingsområdet ligg i ein av innfartsportane til verdsarvomådet “ Vestnorsk Fjordlandskap” er det ekstra viktig at anlegget vert bygd med gode kvalitetar og får ei estetisk god utforming. Det er vidare viktig at alt utstyr/avfall frå anleggsfasen blir rydda opp og fjerna frå området når utbygginga er avslutta. I anleggsfasen vil det vidare vera viktig å unngå tilslamming slik at dei viktige leveområde for laks og sjøaure lengre nede i elva ikkje blir forringa.

Saksordførar: Lars Klyve

Kommunestyret den 28.11.2013 sak 87/13

Behandling i møte:

Repr. Lars Klyve la fram saka på vegne av utval for miljø og kultur.

Røysting:

Tilrådinga frå utval for miljø og kultur vart vedteken med 38 mot 4 røyster.

Vedtak:

Voss kommune viser til saksutgreiinga og vil tilrå at Tinfos AS får konsesjon til å byggje Jordalen kraftverk som omsøkt. Då utbyggingsområdet ligg i ein av innfartsportane til verdsarvomådet “ Vestnorsk Fjordlandskap” er det ekstra viktig at anlegget vert bygd med

gode kvalitetar og får ei estetisk god utforming. Det er vidare viktig at alt utstyr/avfall frå anleggsfasen blir rydda opp og fjerna frå området når utbygginga er avslutta. I anleggsfasen vil det vidare vera viktig å unngå tilslamming slik at dei viktige leveområde for laks og sjøaure lengre nede i elva ikkje blir forringa.

Administrasjonen si utgreiing:

2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med * ligg ved.

* Brev, datert 16 sep 2013, frå NVE

Konsesjonssøknad for Jordalen kraftverk(ligg i Servicetorget og på <http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/>)

3. SAMANDRAG AV SAKA:

Tinfos AS har søkt NVE om løyve til å bygge Jordalen kraftverk. Søknaden er no på høyring og Voss kommune kan gje uttale i saka.

4. FAKTA OM SAKA:

Kraftprosjektet

NVE har motteke konsesjonssøknad frå Tinfos AS. Dei søker om å byggje ut Jordalen kraftverk i Jordalselva. Tinfos vil utnytte eit 86 m høgt fall mellom kote 508 og 422 i Jordalselva. Innaket er




Fig.1 Utbyggingsplanane.

planlagt langs den kommunale vegen i Jordalen, ca. 200 nedanfor eksisterande småkraftverk for utbygginga i Slettedalen (j.f. fig 1). Inntaksdammen er planlagt som ein betongdam på om

lag 3 m høgd og ca. 25 m breidde. Vassvegen frå inntaket til kraftstasjonen er planlagt nedgrave i grøft på austsida av Jordalselva. Kraftstasjonen er planlagt plassert langs elva nokre hundre meter over den planlagde inntaksdammen til Holmen kraft. Det er trong for å byggja ca. 200 m ny veg ned til kraftstasjonen.

Overføring til eksisterande 22 kV linje er planlagt i luft trase ca 50 meter aust for kraftstasjonen. Utføring av krafta vil enten skje i kabel gjennom den planlagde vegtunnellen til Holmen kraft eller ved opprusting av eksisterande 22 kV linje.

Overskotsmassane ved inntak/dam, røyrkata og ved kraftstasjonen er planlagt nytta til terreng-arrondering lokalt.

Kraftverket vil vere eit reint elvekraftverk der effekt og kraftproduksjon vil variere i takt medvassføring i elva. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 1.32m³ i sommarmnd og 0,26m³ på vinterstid.

Ei utbygging som planlagt vil gje ein årsproduksjon på 16.2 GWh med ein installert effekt på 7,2 MW. Utbyggingspris er berekna til 4.30 kr./kWh.

Jordalselva

I kommuneplanen for Voss (2011-2022) har utbyggingsområdet arealformål "LNF". Utbyggingsområdet ligg inntil og er ein viktig inngangsport til Nærøyfjorden landskapsvernområde og verdsarvområde "Vestnorsk Fjordlandskap" (fig 2).




Fig. 2. Lokalisering av planlagt utbygging i høve verdsarvområdet.

Jordalselva har eit naturleg nedbørfelt på 110,4 km². Øvre delen av vassdraget med eit nedbørfelt på 17,2 km² er tidlegare overført ved ein tunnel med fleire bekkeinntak til

Muravatnet i Vikvassdraget som er regulert til kraftproduksjon gjennom kraftverka Målset, Refsdal og Hove. Det er og tidlegare bygt eit minikraftverk i elva frå Slettedalen (Jordalen kraftverk).

I handsaminga av ”Supplering av verneplan for vassdrag i stortingsproposisjon nr. 75 (2003 – 2005) vart Nærøydalselva vurdert i høve kraftutbygging. I innstillinga frå Stortingets energi og miljøkomité om supplering av verneplanen for vassdrag (Innst. S.nr. 116, 2004-2005) støtta fleirtalet forslaget i stortingsproposisjonen om at ”Nærøydalselva vernes med unntak av sideelva Jordalselva”. Grunngevinga for dette var at ”Jordalselva representerer en ressurs som kan ha vesentlig betydning for videre bosetting og utvikling av det lille jordbrukssamfunnet i Jordalen”. Dette vedtaket opna opp for at Holmen kraft kunne planlegge ei kraftutbygging lenger nede i Jordalselva.

Konsekvensar av ei utbygging

Konsekvensutgreiinga syner at ei utbygging av Jordalen kraftverk samla vil gje liten negativ konsekvens dersom ein legg opp til høg minstevassføring som planlagt (tabell 1)

Tabell 1. Samla vurdering av konsekvensar ved planlagt utbygging (frå konsesjonssøknaden)

Tema	Konsekvens	Kommentar
Vasstemperatur, is og lokalklima	Liten/middels neg.	Noko tidlegare islegging, noko høgare vasstemperatur om sommaren
Ras, flaum og erosjon	Liten/ingen	Ingen konsekvensar
Ferskvassressursar	Liten/ingen	Ingen konsekvensar
Grunnvatn	Liten/ingen	Ingen konsekvensar
Brukarinteresser	Liten/middels neg	Redusert fiske etter bekkeare, endra vassføring i høve padling
Raudlisteartar	Middels til lite neg. (ved avbøtande tiltak)	Fire raudlista artar i området, to av desse er fuktkrevjande.
Terrestrisk miljø	Lite neg. (ved avbøtande tiltak)	Høg minstevassføring kan oppretthald livet ved elva
Akvatisk miljø	Lite neg. (ved avbøtande tiltak)	Redusert omfang av elvemosesamfunn og bekkearebestand i elva.
Landskap og INON	Liten neg	Lite synlege installasjonar og vassveg i nedgravd røyrgate, mesteparten over dyrka mark
Kulturminne og kulturmiljø	Liten/ingen neg.	Ingen konsekvensar
Jord og skogressursar	Liten/ingen	Noko inngrep i skog og beiteområde i anleggstida. Elles små konsekvensar.
Samla	Liten negativ konsekvens	Avbøtande tiltak i form av høg minstevassføring ligg til grunn for konklusjonen.

Biologisk mangfald

Det er registrert fire raudlisteartar innanfor influensområdet. Av desse er laven Flatsaltlav (VU) og mosen Huldrebekekemose (NT) mest avhengig av høg og stabil luftfukt. Laven Kort trollskjegg (NT) har

liknande økologi som Flatsaltlav, men kan også finnast på gammal fuktig skog. Strandsnipe (NT) hekkar i elva. Av andre fuglar knytt til elva er det påvist fossekall og linerle.

Vegetasjonen kring stryk og mindre fossefall i elva har preg av fosseberg og fosseeng (NT) med eit

tjukt moselag nærast fossen. Fossesprøyt – og røyk er varierende i løp av ein sesong og naturtypen

er truleg lite-middels godt utvikla i dei to bekkekløftlokalitetene som er registrerte. Stadvis finnest

noko rikare karplantevegetasjon med m.a. blåkløkke, vendelrot og bergfrue. Her er òg berg og steinblokkar med mosesamfunn som jamleg vert forstyrre av flaum. Eit interessant funn er elvespesialisten huldrebekekemose (NT) som veks på flaum/sprutpåverka steinblokk i bekkekløfta i

nedre del. Mosevegetasjonen består elles av normale artar i bekkekløfter på vestlandet



Fig.3 Foss i midtre deler av utbyggingsområdet 25 okt. 2013 (foto G.Bergo)

Når det gjeld det akvatiske miljøet er bekkeare påvist og området er nok eit av fleire oppvekst/gyteområde for auren i elva. Fundamenttilhøva ved inntaket er i hovudsak fjell.

Bygging av dam og inntak vil difor derfor truleg gje lite tilslamming av vassdraget.

Kraftstasjonen vert bygd godt over normalsvasstand i elva og vil ikkje føre til tilslamming av elva.

I nedste del av det påverka området er ei bekkekløft der finns eit parti med kjølelvemose.

Fråfossen/brua og ned veks klobekkemose, bekketvebladmose, elvetrappemose,

rødmesigmose ogbekkeblomstermose på berg og stein som tidvis er overflauma av elva.

Desse artane, mogleg samanmed raudlistearten huldrebekekemose (i same lokalitet), dannar

elvmosevegetasjon Vegetasjonstypen er rekna som sterkt trua (EN) på sør- og vestlandet av reduksjon av vassføring og forsuring.

Tiltaket vert vurdert å gje middels skadeomfang for raudlista artar. Ved gjennomføring av avbøtande tiltak i form av høg minstevassføring vert konsekvensane reduserte til middel til liten.




Fig.4 Nederste delen av elva, lika overfor planlagt karaktstasjon (foto

G.Bergo)

Friluftsliv/reiseliv

Sjølve tiltaksområdet er lite brukt til friluftsliv, men elva vert i noko grad nytta til elvepadling. Jordalen er vidare ein svært viktig inngangsport til fjellområdet i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap".

Landskap og inngrepsfri natur

På grunn av eksisterande vegar, kraftlinje og bygningar vil kraftverket ikkje redusere inngrepsfrie naturområder. Følgjande endringar vert synleg i landskapet

- synleg inntaksdam og steinplastring ved inntaket.
- synleg kraftstasjon med avløpskanal
- ny veg frå kommunal veg og ned til stasjonen, ca 200 m

- redusert vassføring i elva mellom inntak og utløp/stasjon.

Landbruk ,kulturmiljø og kulturminne

Kring influensområdet er landskapet sterkt prega av menneskeleg påverknad og aktiv gardsdrift med gardar, vegar, beiter, dyrka mark og kraftlinje. Hovudvegen kryssar elva med ei bru i nedste del, men elles finns ingen direkte inngrep i sjølve elvestrengen i det aktuelle strekket. Skogsområda er dels beita, dels nytta til vedhogst eller tilplanta med gran, og det meste av austsida, der trykkrøyret er planlagt, er dyrka mark. Sjølve tiltaksområdet vert i dag nytta som sommarbeite for kyr og sauer. I anleggsfasen vil beiteforholda naturleg nok verte noko forringa, medan i driftsfasen vert forholda uendra. Verknaden for jordbruket er såleis små



Fig.5 Elveparti med halv jettegrytte (foto G.Bergo)

Det er ikkje kjende kulturminne i tiltaksområdet og tiltaket vert vurdert å gje lite skadeomfang for kulturminne.

For nærare konsekvensvurdering av andre tema viser ein til konsesjonssøknaden.

Ei utbygging som planlagt gje Voss kommune årlege inntekter i form av eigedomskatt, konsesjonsavgift og naturressursskatt, men dette er ikkje nærare omtala i konsesjonssøknaden

5. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

Den omsøkte kraftutbygginga ligg inntil Nærøyfjorden landskapsvernområde og verdsarvområdet ” Vestnorsk Fjordlandskap” . Ein viktig del av innskrivingsgrunnlaget for verdsarvstatusen var at dette området har få nyare meneskeskapte inngrep og at landskapet si utforming med pågåande aktive geologiske prosessar er svært tydeleg i området. Jordalselva og då spesielt elvegjelet lengre nede i dalen representerer såleis ein del av desse verneverdiane. Eksisterande inngrep i Jordalen med kommunal veg, kraftliner og jordbruksaktivitet (ma. med treslagskifte til gran) gjer likevel at området her ikkje framstår som urørd. Det er og tidlegare gjeve løyve til kraftutbygging i området. Etter adm. si vurdering vil derfor utbygginga kun medføre avgrensa verknader på landskaps- , friluftslivs- og reiselivsinteressene i området. Som fagrapporten viser så vil og verknadane for biologisk mangfald bli små dersom utbygginga sikrar ei høg minstevassføring.

Utanom kvartærgeologien og landskapsverdiane er dei største naturinteressene i Jordalselva knytta til bestanden av laks og sjøaure i den nedre delen av Jordalselva. Desse verdiane vert ikkje påverka av den planlagde utbygginga.

Ved tidlegare kraftutbyggingsprosjekt har ein registrert at dei estetiske kvalitetane på dammanlegg og bygningsmasse ikkje har fått det nivået som gjerne vart skissert i utbyggingsplanane. Vidare har ein registrert at anleggsområdet og nærområda rundt er prega av utstyr og avfall - lenge etter utbygginga er avslutta. I dette området som er ein av dei viktige inngangsportane til verdsarvområdet er det derfor spesielt viktig at det vert lagt stor vekt på å få ei mest muleg naturtilpassa og estetisk god utbygging og at alt anleggsutstyr og avfall blir rydda ut av området etter avslutta utbygging. I anleggsfasen vil det vidare vera viktig å unngå tilslamming slik at dei viktige leveområde for laks og sjøaure lengre nede i elva ikkje blir forringa.